

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

7

Fylke:

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Emne: Skav.

Bygdelag:

Oppskr. av:

Gard:

G.nr.

Br.nr.

le.

(ta også med alder, heimstad, yrke):

77.

Bar, bork og beit til sau og geit

Av statskonsulent JAN SÆLAND

Ja, det er vel so, at dette har eg skrive um fyrr — i ymse norske blad alt for mange år sidan, men truleg ikkje i Aftenposten. Og soleis er det kan henda ikkje so mange som har set det. Syndleg! For mange burde lese dette og då var det venteleg von um at ein og annan kunne taka lærdom av det. Dette trengst endå meir no enn for 10 år sidan og mykje betre trengs det no enn for 20–30 år sidan.

Då var det ikkje nære nær so ringt og einsidigt høy som det er no. Då var det ikkje lite gamle, skrinne vollar som gav sunt og godt høy og då var det jamvel markahøy frå høge fjell og frå bakkar og berg der det voks plantor av mange slag. Alt dette «naturlege» høyet hadde berre bra med næring åt dyr, men det hadde mineralemne og vitaminer og «spor» av både eit og anna som det er lite eller inkje av i alt det øyelihøyet som no vert framdrive på so mange gardar at det nok helst er alt for mykje av det, tykkjer både sau og geit, ja naut og øyk med.

Øyebihøy?

Ja me kallar det so no, det høyet som vert framdrive på dyrka jord som vert storm-hevde med kunsthevd år etter år i lang tid, og som vert isådd med kløver og timotei gong på gong, dette og inkje anna.

Jaha, når jordi vert handsama soleis, so gjev ho øyelihøy, store avlingar av dette, man legt store avlingar. Og bonden har vori so glad i dette øyelihøyet som gjev so kaldleg store avlingar, at han av heilan hug har slutta både med markahøy og med lauv og lyng, tang og tare og med bar, bork, beit og hestmyk — ikkje berre til sau og geit har bonden slutta med dette gamle åtfangenget som mange brukar gammalt atende — slutta med det til alle husdyri. Og vori so glad so glad til, at han endeleg var fri dette gamle skrapforet. Ja vel.

Men no ser det ut til, at det er nokon som saknar det, — som beint fram treng det — for å halda uppe ei god helse og stundom jamvel for å halda nye sjukdommar som apar seg fram jamnides øyelihøyet — halda dei frå livet.

Kan henda me snart kan få høyra at folket (som eta dyrevrådretten) kan koma til å gjeva ljod i kor med husdyri våre, — at det må brukast måte med øyelihøyet.

Me før venta og sjå.

Serleg er småfeet duganda til å nyitta skogsavfall som bork, bar og beit. Ein dag såg eg at halvt hundredar sau åt upp ein diger sekks med ospeskav på vels 10 minutt. Dei var vel svultne då. Nei slett ikkje. Dei hadde først ete opp

so mykje velberga, fint øyelihøy som dei kunne få i seg. Men likevel vart ospeskavet burte so fort som dogg for sol, so dugurdslite. Og dette galtd ikkje ein arm sauflokk som hadde lide vondt um vinteren. Han var holdug og fin. Ospetimerberet skulle skavast eller berkjast til husdyri enno. Det vart kan hende billegt som næring og medisin ihoplagt. Sau og geit kan elles skava sjølv, ikkje berre osp, men toll med. Køyr heim avfall etter høgsten, legg det i fegarden, slepp dyr ut. Enn som dei knuppar av og gneg i vårsoli — sankar næring, vitaminer, mineralemne, medicin og helse. I kvar vinter i meir enn 30 år har eg røynt ut dette.

Beitakosten (nest bjørkris) må setjast uppatt i fegarden. Beitakosten minnest alle gamle i fjellbygdene og stundom andre stader med. No må han framatt, serleg der som dei brukar mykje øyelihøy.

Granbaret kan takast heim det med. Sau og geit eta det som vori det høy, når dei før vanan.

Men so kjem me vel i uvenskap med skogsfolket når me nyttar skogsavfallet til dyremedicin og til dyremat. Nei, for dyr som fær metta seg av dette um vinteren, vansar det våren og sumaren.



Sauflokk gneg borken av ein ospeskav. (Gvarv 1922). Fot. J. S.

Aftenposten Aftenposten

Nr. 118. 96 årg. 11/3 1955

11077